



Reglar Grendacupen 2025

Grendacupen blir avvikla i Hareidhallen 28. og 29. desember

Det er Fotballgruppa i Hareid idrettslag som er arrangør.

Grendacupen er ei innandørsturnering i fotball, der den overordna målsettinga er å ha "fotballmoro" på tvers av klubb- og aldersgrensene.

Kampar:

Dei innleiande kampane går over 1 x 15(12) minutt.

I finaleomgangane aukar speletida til 1 x 20 minutt. (Speletid per kamp kan reduserast ved behov.)

Namn:

Ein del av sjarmen med Grendacupen er at spelarane kan danne nye lag frå år til år, og gi desse namn.

Toleransesgrensene er vide, men vi vil be deltakarane om å ikkje bruke namn som kan verke krenkande og støytande.

Maks tal på bokstavar i eit lagnamn er 20 bokstavar, for å gjere det enklare for statistikkførarane.

Arrangøren føreheld seg retten til "omdøyping" av namn på lag.

Grendacupen har vore avvikla sidan 1994. Årets utgåve er den 30. i rekka, ettersom den har vorte avlyst i 2020 og 2021 grunna korona pandemien.

Klassar:

Det vert avvikla kampar i fire klasser: senior menn, senior kvinner og ungdom jenter og ungdom gutar.

Dameklassa vert avvikla i si heilheit over 1 dag, måndag 29. des.

Ungdomsklassene:

I ungdom blir det innført ny regel, der dei yngre laga startar med ei straffe pr år dei er under 15. Det vil seie at 13 åringane startar med 2 straffer mot 15 åringane. Eldste spelar definerer kva årsklasse laget vert definert i.

Påmelding:

Bruk skjema som ligg nedst på sida.

Påmeldinga skal innehalde namn på laget, klasse, kontaktperson med mobilnr, mailadresse og spelarar med fødselsår. Fristen for påmelding er 12. desember!

"Utlendingsregel"

* Eit herrelag kan nytte inntil 4 "utlendingar".

* Ein utlending er ein spelar som ikkje har budd minst tre år i Hareid kommune.

* Eller ikkje har spelt minst 50 kampar (a og/eller b) for Hareid (jamfør adelskalenderen).

* Dei som har spelt kampar for Hareid a-lag, Hareid 2 eller Hareid junior i inneverande sesong, og står framleis i Hareid IL Fotball ved sesongens utløp blir rekna som hareidsdølar.

* Dei som er medlemmer i den offisielle Grendacup-komiteen (styret) opplyst på nettsida under aktuelt årstal er heller ikkje utlendingar.

Senior menn:

(f. 2009 og før):

Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på bana om gongen.

Påmeldingsavgift 1000,-kr pr lag.

Senior kvinner:

(f. 2009 og før):

Maksimum 10 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.

Påmeldingsavgift kr 1000,- per lag.

Ingen "utlendingsregel"

Ungdomsklasse:

(f. 2010, 2011, 2012, evt. også 2013.):

Maksimum 8 påmelde spelarar pr. lag.

4 utespelarar + målvakt på banen om gongen.

Påmeldingsavgift kr 800,- per lag.

Ingen "utlendingsregel".

Maksimalt antal spelarar som kan vere med er 10 stk. Er det registrert inn 8 spelarar på laglista til dag 1, så kan ein legge inn 2 nye spelarar til dag 2, altså maksimalt 10. Det er ikkje lov å bytte ut spelarar på laglista etter at denne er levert inn og ein har betalt dag 1 før første kamp. Er det registrert inn 10 spelarar dag 1, har ein nytta maksimal grense og får ikkje legge inn nye spelarar dag 2.